

## Historisk nabo- møte på Sandane



**HISTORISK MØTE:** Med sine respektive formannskap hadde gloppenordfører Leidulf Gloppestad (t.v.) og stryneordfører Sven Flo møte på Sandane onsdag. Er dette første steg mot kommunesamanslåing? FOTO: ROGER OLDEIDE

● Stryn kommune og Gloppen kommune hadde felles formannskapsmøte på Sandane onsdag. I det historiske møtet stadfesta

naboane eit krystallklart ønskje om eit tettare samarbeid på fleire område enn barnevern.

**SIDE 5**



Ronny Heggen var blant dei beste i landet

**SIDE 15**

Takka gode hjelparar etter fjøskollaps

**SIDE 24**



«Ikkje la hjula rulle utan null i promille»

**SIDE 10**



Johanna Nygjerd (79) rosar omsorgstenesta i Stryn kommune

**SIDE 12 OG 13**



Steinar Hilde har investert fleire hundre tusen kroner i digitalt utstyr

**SIDE 11**



**I GODSTOLEN:** Det kan vere godt med ein liten pause i det som er starten på museumsdelen.



**GAMLEMASKINA:** Dette er maskina som har gjort arbeidet med 8 mm film til no, men som går over i museumsdelen.



**HYLLE PÅ HYLLE:** Steinar Hilde har hylle på hylle med maskiner, og på låven står ti pallar på vent. Her ser vi mellom anna ein del utstyr frå NRK.

● Har investert for fleire hundre tusen kroner:

# Filmdigitalisering satsar stort

Verksemnda Filmdigitalisering i Innvik har investert vel 350.000 kroner i ein moderne skannar for 8 mm film, og også 9,5 mm spolefilm. Det er eit meir sjeldan format.

– Eg har arbeidd med dette innkjøpet i fleire år gjennom mange og lange samtalar med produsenten i Berlin. Utgangspunktet var ein kostnad på 650.000, men under ei vitjing på fabrikk kom vi fram til at det var mogeleg å setje saman ein skannar til litt rimelegare pris. Eg fekk forhandla fram ei løysing som enda på vel 350.000, smiler dagleg leiar i einmannsverksemda, Steinar Hilde. Tysdag var styret for stiftinga Innvik Næringsutvikling på plass for å signere eit tilskot på 100.000.

– Eg er audmjuk. Utan dette tilskotet hadde dette innkjøpet ikkje vore mogeleg, seier han.

## Viktig for bygda

Stiftinga har ein del pengar etter sal av Langvin, som er øymerka gode tiltak i innvik. Siste året delte dei ut 200.000 til Hilde og den gamle ullvarefabrikken. No er dei i ferd med å legge ut ein ny runde for søknader.

●● **Eg er audmjuk. Utan dette tilskotet hadde dette innkjøpet ikkje vore mogeleg**

Steinar Hilde

– Vårt fokus er positiv utvikling, og for nye arbeidsplassar i Innvik, fortalde styreleiar Gitle Sande som var imponert over det han fekk sjå i den gamle låven i Larstunet på Hilde. Der har mjølkekyr vikt plass for ein park av digitalt utstyr for skanning av film, lyd, slides og bilde. I tillegg er Hilde i ferd med å få på plass eit spennande museum med filmutstyr, fotoutstyr og



**I ARBEID:** Her blir filmen teken opp til høgare kvalitet. I bakgrunnen dei glade gjevarane frå stiftinga Innvik Næringsutvikling. Frå venstre Ørjan Skåden, Gitle Sande og Anton Skogstad.

lydutstyr.


– Folk kjem med mykje som dei lurar på om dei skal kaste, men her får det plass, seier Hilde og viser rundt for dei som er interesserte.

– Eg vonar det kan bli eit museum etter kvart, seier eigaren som mellom anna har vore i samtalar med styret for den gamle ullvarefabrikken med tanke på å finne utstillingsplass for det han ikkje treng i produksjonen.

## Starta i det små

Steinar Hilde (52) vart gripen av den digitale basillen for mange år sidan i samband med redigering av eigne filmar. Etter kvart måtte han omstille seg frå bonde til anna arbeid på grunn av allergi, og i 2012 etablerte han Filmdigitalisering AS.

– Eg er over snittet historisk interessert, og dette er historie både i bilde, film, lyd, og utstyret ein brukar til jobben, seier han medan maskinene surrar



**NY MASKIN:** Steinar Hilde med den delen av det nye anlegget der han festar opp 8 eller 9,5 mm film.

og går. Han meiner verksemda godt kan få nemninga miljøfyrtårn. Her er korkje avløp eller utslipp. Kun bruk av elektrisitet.

– Førebels er det ikkje ein heilårs arbeidsplass, og det eg tener går inn i verksemda til kjøp av nytt utstyr. Kvalitet er

alfa og omega, og den nye skannaren er det beste ein får kjøpt på marknaden. Vi kan mellom anna hente tilbake originale fargar sjølv om utgangspunktet er både gult og raudt, fortel han. Vi er heller ikkje avhengige av perforeringa for å skanne filmen.

## Internasjonalt

Hilde har etablert ein samarbeidspartnar og eit lokalkontor i Ås kommune, og etter kvart som han fortel får verksemda meir og meir eit internasjonalt preg.

– Denne maskina kjøpte eg i San Francisco, og denne kjem frå Japan, seier han og snur seg i stolen der han sit og held mange maskiner i arbeid samstundes. Dei går både natt og dag. Han har også etablert kontakt med eit stort firma i Nederland med tanke på spesielt vanskelege oppdrag som han ikkje har utstyr til.

– Eg har mange oppdrag på vent, men oppdragsgjevarane manglar pengar frå stat og fylke. No vonar eg at det kan kome endringar når vi får ein digitalminister, seier Hilde som er klar for nye oppdrag med topp utstyr.

**INGE FÆNN**  
redaksjon@fjordingen.no